

De va so mangt me skulde ha sagt om me hadde ord og makt

- Småplukk

SMS-språk


Elevane kan bli oppfordra til å bruke hallingdialekt når dei sender meldingar på mobiltelefonen sin. Dei kan bli utfordra til å finne tøffe hallingord som fungerer fint på SMS. Ordet **kjakji**, til dømes, er sjølvsagt eit mykje meir naturleg alternativ enn ordet KOOZ. Det finst mange slike døme. Elevane kan leite i boka *Me og uss, de og dikko* for å finne artige ord og uttrykk. Dei kan ha dette i tankane også når dei sender meldingar på It's learning. Læraren kan i periodar leggje til rette for "halling-meldingar" på It's learning, der elevane brukar aktivt boka *Me og uss, de og dikko*.



Arbeid med teikneseriar

Å omsetje teikneseriar frå bokmål/nynorsk til hallingdialekt kan vera artig.

Det finst fleire teikneseriar på nynorsk. Hårek er kanskje den mest kjende. Dei første åra vart Hårek omsett til bokmål. Kvifor skifta Hårek frå bokmål til nynorsk? Det er eit spørsmål ein kan stille elevane. Ungdomsbladet Spirit har fast teikneserie på nynorsk. Ola Hegdal teiknar ein serie som heiter *På kloden* på nynorsk. Den finst i fleire hefte. Teikneseriar er det også i Norsk Barneblad.



Eit anna utgangspunkt er å ta teikneseriar/bøker og la elevane teikne og spinne vidare på historier sjølve. Bøker med teikningar som høver for dette er; Ragnar Hovland si bok *Katten til Ivar Aasen og hunden frå Baskerville* og Arnljot Grimstad/ Thore Hansen si *Martinelli på dei sju hav*. Her er det flust av fantasifulle teikningar som elevane kan gjere framhald på.

Elevane kan sjølvsagt produsere egne teikneseriar heilt frå byrjinga. På denne nettadressa kan elevane få hjelp til å lage sine egne teikneseriar:

<http://www.txt.no/tegnserie/pestus.htm>

Arbeid med vitsar

Ein kan la elevane finne vitsar i til dømes [Humorbua](#) eller andre stader og omsette dei til hallingdialekt. La elevane lesa vitsane høgt på halling for andre (medeelevar i små og/eller store grupper, for andre trinn på skulen, på foreldrekveldar osv.).

Arbeid med avis

Skal elevane lage skuleavis, kan dette til dømes vera ei temaavis som fokuserer på hallingdialekt og hallingkultur. I ei slik avis kan det vera hallingnytt, presentasjon av musikk frå Hallingdal, idrettsutøvarar frå Hallingdal, intervju: 5 ette vegji, 5 på Tingstugu'n, teikneseriar på halling, hallingvitsar, hallingSMS-ordliste og mykje, mykje meir.



Arbeid med argumentasjon

Elevane kan øve seg i å argumentere for og imot ulike påstandar.

Læraren kan dele elevane inn i grupper på 3-4 elevar. Læraren deler ut nokre påstandar som elevane skal finne for- og motargument til. Hent gjerne påstandar frå argumentsamlinga til Hallgrim Berg som står i innleiinga.

Andre påstandar kan vera:

- Det mest naturlege for dei som er vakse opp i Hallingdal, er å prate halling!
- Hallingdialekten er flott!
- Hallingdialekten ligg nærare nynorsk enn bokmål!
- Hellbillies på bokmål hadde vore rart!

”Nøgle moro med halling”

Våren 2005 hadde 7.trinn ved Nedre-Ål skule framsyning av musikkteaterstykket ”Nøgle moro med halling” i Ål kulturhus. Dette er ei framsyning med song, dans og drama som høver godt til bruk i skulen (inneheld mange roller). Temaet i stykket er manglande bruk av hallingdialekt blant dei unge, og kva grep dei vaksne gjer for å rette opp dette. I løpet av stykket finn dei unge ut at det er ganske tøft å prate halling likevel. Arne Moslåttén og Hilde S. Fjellhøi har skrive manuset. Nedre-Ål skule fekk hjelp av Kelli Haugen, Vette Springgard, Ulf Arne Johannesen, Kari Ingeborg Stensrud og Terje Asgrimplass i instruksjon av ulike dansar. Medialina ved Gol Vidaregåande skule, ved Erlend Hagen, hjalp til med filming av framsyninga.

NØGLE MORO
MED HALLING



Sjå:

<http://www.hallingdolen.no/apps/pbcs.dll/article?AID=/20050614/LOKALENYHEITR/106140045>

Er ”Nøgle moro med halling” ei framsyning som kunne passe på din skule, kan du kontakte Marianne Sørboen ved Nedre-Ål skule for nærare opplysningar.